

**Fra:** Heidi Bjønnes Larsen (Heidi.Bjønnes.Larsen@hfk.no)

**Sendt:** 25.11.2014 15:39:27

**Til:** Jan-Ludvig Jordal

**Kopi:** Gunnbjørg Øyre

**Emne:** SV: Produksjonsskule

**Vedlegg:**

Hei,

Takk for hyggelig e-post. Beklagar seint svar. De gjer ein nyttig framstilling av Hjeltnes og dykkar erfaringar med eit variert skolemiljø. Eg skal ta med innspelet inn i rapporten og til prosjektgruppemøte i morgon.

Nokre av spørsmåla dykkar kan eg svare på, andre jobbar vi i prosjektgruppa med å finne ut av sjølv. Om de ynskjer å bidra inn i prosessen er det veldig positivt. Det er mykje vi skal finne utav på kort tid og jo fleire som bidreg jo betre er det. Nå skal eg til med å skrive rapport og i løpet av den prosessen kjem det til å dukke opp mange spørsmål. Korleis vi kan organisere prosessen slik at de og andre fagforeninger og tilsette på Hjeltnes som ynskjer, det kan bidra er eg ikkje heilt sikker på, men det er heilt klart ein ressurs som vi må bruke. Eg reknar med at eg kjem inn til Hjeltnes den 5. desember. Skal prøve å ha tenkt ut ein god måte til dess, eller de nokre forslag?

Dette er eit nyttig dokument for å forstå kva produksjonsskule er.

[http://www.psf.nu/content/uploads/charter/international\\_dansk.pdf](http://www.psf.nu/content/uploads/charter/international_dansk.pdf)

Gå og inn på denne sida <http://www.ranpro.dk/laerlinge-pbe> Denne ordninga kan være ein løysing for Hjeltnes?

Rekrutteringsgrunnlaget blir dei som reknast som sluttarar og som OT/PPT meiner vil tene på ein periode på produksjonsskule. Tilstandsrapporten seier ein del om sluttarar (frå ca. side 27).

<http://www.hordaland.no/Global/opplering/dokument/2014/Tilstandsrapport%202012-2013.pdf>

Talet på sluttarar i Hordaland i skuleåret 2012/13 er 858 elevar.

Avbrotsårsak	Totalt
Anna årsak/ikkje oppgitt	189
Stort fråvær	201
Feilval	139
Personlege årsaker	246
Skulelei/motivasjon	81
Fagvanskar	2
<b>Totalt</b>	<b>858</b>

Spørsmål om prøveordning. Her er eg litt usikker på kva de meinar. All vidare aktivitet på Hjeltnes kommer an på kva for politiske vedtak som blir gjort av Fylkestinget våren 2015. Om de vedtek at det blir prøveordning må vi ta det derifrå.

Spørsmål om økonomi. Her må vi og avklare ein del ting. Eg trur pengane til ein viss grad følgjer ungdommanne, men det må jo og være ein eller anna form for grunnbevilging slik at ein kan oppretthalde tilbode når om det ikkje er så mange ungdommar i en periode. Dette spørsmålet må det jobbast meir med. Vi treng og å finne ut korleis ein skal dekke inn kostander knytt til internat, sidan produksjonsskule for tida ikkje gjer rett til bortebuarstipend.

Spørsmål om personale. Då dei tilsette folk til Hyssingen søkte dei etter gode fagfolk som ynskja og evna og jobbe med ungdom. Stillingsprosentar må ein kome tilbake til trur eg.

Produksjonsskule skal ikkje følgje vanleg skulerute, men eit arbeidsår. Om det er ungdommar på internatet er det vel ein god ide at det er nokon der. Litt av det vi ynskjer å selje Hjeltnes på er at ungdommane kjem til å ha god tilgang på vaksne og på den måten være annleis enn bytilbodet.

Eg skal høyre om vi får til eit besøk på Hyssingen.

Her var nokre svar, men langt i frå på alt. Vi må gå opp stien sjølv så det er mykje vi jobbar med å finne utav. Eg sender kopi til Gunnbjørg. Ho skal snakke litt om produksjonskulen på fredag veit eg, så er det greitt at ho veit kva eg har sagt til dykk. Berre ring om det er noko meir.

Venleg helsing  
Heidi Bjønnes Larsen

Spesialrådgjevar  
Regional | næring  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf. 55 23 95 23  
[www.hordaland.no/naring](http://www.hordaland.no/naring)

**Fra:** Jan-Ludvig Jordal  
**Sendt:** 21. november 2014 11:14  
**Til:** Heidi Bjønnes Larsen  
**Emne:** Produksjonsskule

Til Prosjektgruppa for mulighetsstudiet

V/ Heidi Bjønnes Larsen

Produksjonsskule

Fag forbundet meiner det er viktig at me tek imot produksjonsskule.

Me føler at alt ligg godt til rette her for å lukkast med dette. Me har eit lite og trygt miljø, har brei kompetanse, og ei brei gruppe elevar i alle aldrar. I Fylkesrådmannen si utgreiing 15.05.13 står det fylgjande :Produksjonsskule bør lokaliserast uavhengig av ordinær vidaregåande skule . Hjeltnes er ein skule utanom det vanlege, og bør derfor ikkje samanliknast med andre. Me kan ikkje sjå for oss noko negativt med å ha skule, og produksjonsskule -tilbodet parallelt. Me har alltid arbeida for eit trygt og inkluderande miljø. Internatet er ein positiv ting i henhold til dette. Dessutan er det viktig å halda på vgs-tilbodet vårt. Dette er små fag, der elevar ofte må pendle uansett kor dette tilbodet vert plassert.

Kva med å tenkja og vidareutvikla ein norsk modell, parallelt med den i Bergen. Me har erfaring med at det ikkje er noko negativt med eit variert miljø, både i alder og kompetanse. Og ser det ikkje som noko bakdel at ungdommar og vaksne med ulik innfallsvinkel til skulen kjem ilag. Me har allereie eit omfangsrikt miljø, både når det gjeld lokale, avdelingar, yrkesgrupper, og elevar. Til fleire sein me har å stå på, til meir kompetanse kan det verta samla her. Dette vil gje eit godt tilbod til produksjonsskule-ungdommar, elevar, studentar, eller kursdeltakrar. Hjeltnes kan derfor verta ein framtidsretta, og økonomisk berekraftig stad, der ulike læringsformer kan samlast. Kort sagt ein Unik Skule.

**Sjølv om me stiller oss svært positivt til Produksjonsskule har me fleire spørsmål me ynskjer svar på.**

**Prøveordning**

-Kva betyr dette ? Kor lenge varer ei slik ordning ?

Kor mange elevar er det planar om? Kor mange er det som fell av vidaregåande løp? Kor stor er rekrutteringsgrunnlaget ? Kva innsats vert gjort for å motivera ungdommar til å gå på produksjonsskule?

Kva tid skal dette etter planen komme i gang ?

Kva om å starta eit prøveprosjekt allereie til hausten ? Då i liten skala

### **Økonomi**

–følgjer det elev , eller vert det meir usikkert?

### **Personale**

Yrkesgrupper, kva behov med omsyn til kompetanse, og stillingsprosentar?

### **Etterutdanning**

Skal ein dekka kveldar og helger, feriar+

Korleis er det i periodar med lite ungdommar,?

Kort sagt :

Kor usikkert vert eit år, og framtida vår sjåande ut?.

Kan me ta ein tur til Hyssingen?

Ynskjer meir info om kva prosessar/ grupper me kan bidra i.

Håper du kan hjelpa oss med dette

---

Me har eit ynskje å kunna bidra meir til utviklinga på Hjeltnes. Me trur at det er positivt at fleire med ulik kompetanse og nivå er med å utforma Hjeltnes. Det er også viktig å vera med på dette arbeidet, då me lettare kan vera med å sikra ein god og sikker omstillingsprosess. Derfor må forbund og verneombod vera sentrale i denne prosessen.

Med venleg helsing

Jan Ludvig Jordal

Tillitsvald Fagforbundet